

02.26. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd.

Stad: Kyrkjelydshuset.

Tid: Tysdag 17.03 og torsdag 19.03. Kl.19.00-21.00

Desse møtte: Lenie Hoogerbrugge, Tor-Håkon Berge, Jorunn B. Lillefosse, Kjell J. Hoff, Renate B .Nernes, Margun M. Tordal og Gunnar Helle i sak 11/26.

Forfall: Lillan H.Fosse og Vetle K.Eide (begge møta).

På tysdag 17.03. vart sak 13/26 og 14/26 handsama. I tillegg gjorde me klart til fasteaksjonen 24.03.26. Det er kome inn ei ekstra sak som soknerådet må handsama, sak. 15/26.

Tor-Håkon hadde ord for dagen, «Kvardag» av Olav H. Hauge.

Sak 09/26: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 29.01.26.

Vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøtet 29.01.26 vart vedteke.

Sak 10/26. Meldingar:

Vedtak: Framlagde meldingar vart teke til vitande.

Sak 11/26: Orientering om rekneskap ved Gunnar Helle.

Vedtak: Det framlagde rekneskapet vart teke til vitande. Rekneskap og årsmelding vert lagde fram på soknemøtet 23.03.26 til orientering.

Sak 12/26: Årsmøte og årsmelding. Event. saker frå soknerådet.

Vedtak: Framlagt årsmelding vart lagt fram for soknerådet og teke til vitande utan justeringar.

Sak 13/26: Konfirmantfest 26.04. Praktiske gjeremål.

Vedtak: Det vert matservering, varmmat, kaffi/saft og kaker. Tillaging på førehand og opprydding etterpå blir fordelt på soknerådsmedlemmene imellom.

Sak14/26: Dugnad i kyrkja. Benkene. Korleis organisera arbeidet?

Det vert dugnad alt no på fredag 20.03. Fleire i soknerådet melde seg frivillig, og dei fleste som er spurde har sagt ja til å vera med.

Vedtak: Soknerådet er hovedansvarleg for oppussing av benker, og spør folk i kyrkjelyden direkte om å vera med å hjelpa til. Odd Johan Tordal har sagt seg villig til å leia arbeidet og gjera dei nødvendige innkjøp.

Sak 16/2: Kjøp av poleringsmaskin.

Vedtak: Soknerådet går ikkje inn for kjøp av poleringsmaskin, men går inn for å leiga ei slik ved behov.

-Jorunn B. Lillefosse-